

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato skriven: 24.01.2005
 Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: **Konsernbudsjett**

Styresak 05/05 B

Styremøte 02.05. 2005

Kommentarar:

Helseføretaka har med utgangspunkt i sak 092/04 B foreløpig inntektsramma 2005 lagt fram sine budsjett til behandling i dei respektive styra. Helse Vest har ved framlegg av denne saka lagt til grunn budsjettvedtaka som dei respektive styra har fatta. I og med at konsernbudsjettet vert lagt fram til behandling samstundes med sak 04/05 B Inntektsfordeling 2005, vil det kunne skje mindre endringar i inntektsføresetnadane som er lagt til grunn i HF'a sine budsjett. Administrasjonen vil kome tilbake med ei nærare utgreiing så snart ein har fått avstemt inntektsramma mellom HF'a og RHF.

I saka om inntektsfordeling 2005 har Helse Vest lagt til grunn produksjonsnivået helseføretaka hadde i prognosen pr. oktoberrapporteringa justert for 2 % kodevekst. Helseføretaka har i sine budsjettframlegg føresett ei vekst i DRG produksjonen som vesentleg overstig bestillinga frå Helse Vest. I tabellen under er vist utvikling i DRG produksjon for HF'a og dei private ideelle:

Utvikling i DRG poeng	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Bestilling Private	Sum HF og private
DRG poeng 2003	49 045	27 065	76 982	21 652	12 522	187 266
Prog 2004 oktober	50 525	26 740	79 000	21 285	12 773	190 323
Inntektsramme 2005 = prog 2004 + 2%	51 536	27 275	80 580	21 711	13 028	194 129
Budsjettvedtak i helseføretaka	54 821	28 777	84 282	23 033	13 028	203 941
Vekst i %:						
Prognose 2004 vs faktisk 2003 *)	3,0 %	-1,2 %	2,6 %	-1,7 %	2,0 %	1,6 %
Budsjettvedtak 2005 vs prognose 2004	8,5 %	7,6 %	6,7 %	8,2 %	2,0 %	7,2 %
Budsjettvedtak 2005 justert for 2 % indeksvekst	6,5 %	5,6 %	4,7 %	6,2 %	0,0 %	5,2 %

*) Vekst i DRG produksjon frå 2003 til 2004 er basert på innmeldt DRG poeng frå føretaka. Tala er ikkje justert for indeksvekst. I statsbudsjett 2004 vart det lagt ei føresetnad om 2 % kodevekst på DRG.

(Tala i tabellen inneheld DRG produksjon i HF'a og dei private ideelle. Produksjonen inneheld eigne pasientar og pasientar behandla i HF'a men er tilhøyrande andre regionar. For å få dei samla DRG poenga knytt til befolkninga som soknar til region vest må ein legge til netto 13000 DRG poeng)

Ved konsolidering av budsjetta har Helse Vest innarbeida HF'a sin budsjetterte DRG produksjon for å få same inntekts- og kostnadsføresetnad mellom HF'a og RHF. Dette har ingen resultatmessig effekt i RHF'et då inntekter og kostnader aukar med same tal. I sak 04/05 B er det haldt kr 40,2 mill for dekke

netto gjestepasientoppgjør. Dette er i konsernbudsjettet lagt inn med brutto tal kor inntekta er kr 343,2 mill og kostnaden kr 383,4 mill.

Produksjonen som er budsjettert er nok i overkant av føringa frå eigar. Administrerande direktør vil likevel tilrå at styret vedar framlegga, basert på at vekst i produksjon frå 2004 er mindre enn føresettt frå eigar og at helseføretaka for inneverande år leverar noko mindre enn budsjett for 2004. Produksjonsnivået for 2005 er såleis optimistisk. Det er understreka frå Helse Vest RHF si side at det ikkje er akseptabelt å auke tal stillingar for å auke produksjonen.

Med dei føresetnadene som er nemnt ovanfor er det totale inntektsgrunnlag i føretaksgruppa som følgjar:

Inntekt	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM inntekt i RHF'et
Inntektsfordeling jf. Sak 04/05 B	2 398 556	1 405 356	4 076 959	1 171 434	2 090 127	11 142 434
Føresetnad om auka produksjon	59 771	27 326	67 363	24 060		178 520
DRG inntekter Helse Vest sine pasienter behandlet ved andre RHF					236535	236 535
DRG inntekter utfakturert fra Helse Vest til andre RHF					106744	106 744
Sum inntektsgrunnlag	2 458 327	1 432 683	4 144 322	1 195 495	2 433 406	11 664 233

Med basis i inntektsgrunnlaget vil administrerande direktør legge fram eit budsjett for føretaksgruppa på kr 166 mill i underskot for 2005. Resultatet kjem fram av tabellen under:

Budsjett 2005 - Foretaksgruppen Helse Vest

Alle tall i hele mill. kroner

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Apo- tekene	Kjøp av helsetjen.	Helse Vest admin.	Eliminering	Foretaks- gruppen
Driftsinntekter									
Basisramme, tilskot og refusjonar	1 491	943	2 799	809	-	7 610	-	-5 757	7 896
ISF egne pasienter	1 006	524	1 534	419	-	3 947	-	-3 580	3 849
Gjestepasienter	-	-	-	-	-	107	-	-	107
Polikliniske inntekter inkl egenandeler	234	115	416	96	-	-	-	-	861
Andre driftsinntekter	72	46	123	42	438	-	-	-245	476
Sum driftsinntekter	2 802	1 628	4 872	1 367	438	11 664	-	-9 583	13 189
Kjøp av helsetjenester	338	158	586	278	345	11 599	-	-9 583	3 721
Lønn og sosiale kostnader eksl pensjon	2 036	1 136	3 615	898	72	-	26	-	7 784
Andre driftskostnader	316	225	521	151	19	-	36	-	1 268
Avskrivninger	108	108	270	73	2	-	3	-	565
Sum driftskostnader	2 799	1 627	4 993	1 400	438	11 599	65	-9 583	13 338
Driftsresultat	4	1	-121	-33	-0	65	-65	-	-149
Finansinntekter	-	-	-	-	0	-	-	-	0
Finanskostnader	4	2	9	3	-	-	-	-	17
Finansresultat	-4	-2	-9	-3	0	-	-	-	-16
Ordinært resultat	0	-0	-130	-36	-	65	-65	-	-166

Bestillardokument 2005 opprettholder krav om resultat i balanse i 2005. Helse Bergen og Helse Førde må arbeide vidare med å identifisere tiltak for å nå balanse. Tiltaka må ha ein samla heilårseffekt i 2006 som inneber at føretaksgruppa samla sett går i balanse frå og med 2006.

Helse Vest vil og be helseføretaka om å rapportere oppdatert likviditetsbudsjett med basis i sak 04/05 inntektsfordeling 2005. Samla likviditetsbudsjett vil bli lagt fram til styret i komande møte. Helse Vest har ei driftskredittramme på kr 1,1 mrd og ved inngangen til 2005 var det nytta kr 380 mill av denne ramma.

Konsernbudsjett for 2004 vart vedtatt i mars 2004. Dette for å sikra at ein hadde dei endelege budsjettvedtaka frå helseføretaka. Når ein no legg fram konsernbudsjett den 2. februar kan det koma justeringar i budsjetta til helseføretaka basert på at dei og får endeleg inntektsramme i same møte. Administrerande direktør tar derfor høgde for at styret kan få revidert konsernbudsjett til behandling i mars.

Forslag til vedtak:

1. Konsernbudsjett 2005 for føretaksgruppa Helse Vest blir vedtatt med følgjande beløp:

	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
Resultat	0	0	-130	-36	-166

Helse Bergen og Helse Førde må arbeide vidare med å identifisere tiltak slik at resultatet frå og med 2006 er i balanse

2. Administrasjonen legg fram likviditetsbudsjett til kommande møte. Eventuelle behov om ekstra driftskreditt må meldast inn til eigaravdelinga med oppmoding om endra vedtekt om beløp knytt til driftskredittramme.